



Knut Øvsthus
Vangsgata 40a
5700 VOSS

Dykkar ref.

Vår ref.

24/4291 - 9

Dato

24.06.2026

Saksnr.	Utval
68/26	Utval for kultur og næring

Vedtak: Søknad om bygging av Stølsveg Flodvikane gbnr 240/7

VEDTAK:

I medhald av delegeringsreglement vedteke av Voss heradstyret i sak 50/25 – 13.06.24, vert det gjort fylgjande vedtak:

1. Voss herad godkjenner delvis omsøkte stølsveg gjennom løyve til bygging av 50 m stølsveg inkl. snuplass i vegklasse 5, nordvest frå fylkesveg 5400.
2. Etablering av avkjørsle frå fylkesveg skal byggast iht vilkår som er gjeve i løyve til ny avkjørsle, godkjent av Vestland Fylkeskommune i brev av 17.09.24.
3. Det er stilt krav til bygging og avpussing av veganlegget, jf normaler for landbruksveg vegklasse 5 med byggeskiltring.
4. Det er eit vilkår at vegen vert bygd på fastmark og at naturlege vassvegar vert sikra i byggeperioden.
5. Ved funn av automatisk freda kulturminne under arbeidet, har tiltakshavar plikt til å straks stogga arbeidet og varsle Vestland fylkeskommune, jf kulturminnelova § 8 andre avsnitt.
6. Det er ikkje høve til å opparbeide parkeringsplass i enden av veganlegget eller parkere på etablert snuplass. Vegen kan stengast for motorisert ferdsel for andre enn dei som har bruksrett i vegen.
7. Veganlegget må vere ferdigstilt innan 3 år frå vedtakstidspunkt. Heradet skal varslast før grusing av veg for gjennomføring av sluttkontroll av vegen. Dersom vegen ikkje er ferdigstilt innan 3 år, fell løyve bort.

Vedtaket er gjort med heimel i Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar av 28. mai 2015. Tiltaket er vurdert etter naturmangfaldslova §§ 8-2.

Vedtaket er eit enkeltvedtak som kan klagast på jf forvaltningslova 28-36 og § 4-1- i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier. Mogleg klage vert å stile til Statsforvaltaren i Vestland og sendast Voss herad seinast 3 veker etter at søkjar er gjort kjend med vedtaket. Nærare orientering kan ein få ved å kontakte byggesak og næring i Voss herad.

Saksopplysninger:

Det vart 08.05.24 søkt om ny Stølsveg Flodvikane , 230 m nyanlegg i vegklasse 5 frå Fylkesveg 5400 (Hamlagrøvegen) med snuplass nordaust og utanfor godkjent reguleringsplan Flodvika hyttefelt vedteken 1996.

Vestland Fylkeskommune oversendte 27.05.24 brev til Voss herad der det vart varsla at dei som vegeigar ikkje ynskte å opne opp for nytt påkoblingspunkt frå Fylkesvegen. Det vart vist til at dersom stølshuset ynskjer køyrbar tilkomst fram til bygningen, må dei i staden kople seg til eksisterande avkørsle vest for omsøkte plassering.

Grunneigerane i Flodvika Stølssameige v/ Knut Øvsthus sendte i brev av 11.07.24 brev til Vestland Fylkeskommune der det vart presisert at det var det var søkt om landbruksveg i LNF- område og at hovudnyten av vegen var landbruksrelatert med oppfordring om å sjå på søknaden om avkøyring på nytt.

17.09.24 gav Vestland Fylkeskommune løyve til ny avkørsle frå Fv 5400 for omsøkte landbruksveg på nærare gjevne vilkår.

Grunnlaget for vidare handsaming av stølsveg frå heradet si side var klart når det førelåg godkjend avkørsle frå veigeigar (Vestland Fylkeskommune)

Søknad er 14. mars 25 sendt på ekstern høyring til Vestland fylkeskommune, kultur og folkehelse, og Statsforvaltaren i Vestland. Søknaden vart samstundes sendt på internt høyring i heradet.

Innkome eksterne høyringsuttaler:

Vestland Fylkeskommune 19.03.25: *Ut frå våre arkiv kan vi ikkje sjå at tiltaket vil komme koma i konflikt med registrerte automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne. Potensial for funn vert vurdert som lågt. Me ber likevel om at ein under opparbeiding av tiltaket tek omsyn til kulturlandskapet og unngår inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m. Dersom det kjem fram eventuelle funn ved gjennomføring av tiltaket har grunneigar/tiltakshavar plikt til straks å gje Vestland fylkeskommune melding, og alt arbeid på sjølve funnstaden stansast til retteforvaltingsmynde har vurdert/nærare dokumentert funnet, jf. Lov om kulturminne § 8, 2.ledd.*

Statsforvaltaren i Vestland 25.03.25: *Føremålsparagrafen i landbruksvegforskrifta seier «Formålet med denne forskriften er å sikre at planlegging og bygging av landbruksveier skjer på en måte som skal gi landbruksfaglige helhetsløsninger. Det skal samtidig legges vekt på hensynet til miljøverdier som naturmangfold, landskap, kulturminner og friluftsliv, hensynet til fare for flom, erosjon og løsmasseskred, samt andre interesser som blir berørt av veiframføringen». I slike høyringssaker går vi ikkje detaljert inn i dei vurderingane som må gjerast i saka, dette fordi det er kommunen som er den ansvarlege førsteinstansen og som skal foreta dei konkrete vurderingane i forhold til regelverket. De kan finne informasjon på nettsida vår som kan vere nyttig, der det mellom anna er lenker til regelverket og aktuelle rundskriv. Vi har gjort ein kort utsjekk av miljøinteressene i denne konkrete saka, og så vidt vi kan sjå er det ikkje viktige naturkvalitetar eller miljøverdiar som vert råka av dette veganlegget. Vi har ingen merknad til søknaden.*

Interne høyringsuttaler:

Uttale frå klima- og miljørådgjevar 10.04.25: Med bakgrunn i Temaplan for naturmangfald i Voss herad, vil eg frå eit natur- og miljøfagleg perspektiv på det sterkaste råda ifrå å tillata utbygging av denne vegen. Den største utfordringa for naturmangfaldet i Voss herad er arealendringar, og som arealforvaltar må heradet vera svært varsam med å tillata nedbygging av natur. Det skal føreliggja svært gode grunnar for å byggja ned natur, og det kan eg ikkje sjå at det gjer i denne saka. Dette tiltaket vil medføra inngrep i urørt natur som me har altfor lite kunnskap om til å kunna tillata nedbygging. Eit minimumskrav i denne saka må vera å kartleggja artsmangfaldet i området som søkjar ynskjer nedbygd dersom de vurderer å gå vidare med saka. Eg vil trekkja fram mål 1 naturmangfaldplanen: 1. Stansa tapet av truga artar og naturtypar på land og i vatn Me skal ivareta og stansa tap av biologisk mangfald, og betre ta vare på truga og sårbare artar. For å nå målet er det naudsynt med ein god og heilskapleg politikk for naturmangfald, og planlegging og styring av arealbruken. Me må unngå å byggja ned areal der det får konsekvensar for viktige naturverdiar. Sjølv om me primært skal unngå å skada natur framføre å reparera den, er restaureringstiltak òg viktig. Ein viktig føresetnad for å nå målet er at alle avgjerder om ny arealbruk vert basert på oppdatert kunnskap om kva konsekvensar dette vil få for naturverdiar.

Uttale frå planavdelinga 09.04.2025: Kommuneplanen for Voss herad har føringar for etablering av vegar i LNF. pkt. 5.2: "Vegar: Det bør ikkje opnast for etablering av tilkomstveg i ettertid. Ved bygging i område med lite inngrep bør ein primært leggja til rette for felles parkering og minst mogleg ny vegbygging. Ved vegbygging skal det leggjast stor vekt på landskapstilpassing og ein skal unngå å leggje veg nær vassdrag. Vegtilkomst og parkering (både sommar og vinterparkering) må inngå som del av reguleringsplan. Vegar fram til parkeringsplassar må planleggjast slik at dei kan brøytast på vinteren. Det bør som hovudregel ikkje gjevast løyvet til midlertidig veg for bygging av fritidsbustadane. Parkeringsplassar bør leggjast til område med lite innsyn." Planavdelinga viser til at skal det generelt etablerast veg må det avklarast og utgreiast gjennom reguleringsplanprosess i tråd med Plan- og bygningslova. For reine landbruksvegar gjeld anna lovverk. Det vil alltid vera eit skjøn å vurdere kva lovverk etableringa skal handsamast etter. I saker knytt til bygging av landbruksvegar må det alltid gjerast ei vurdering knytt til føremålet til vegen. Er nytteverdien knytt til anna bruk enn berre landbruket må det stillast spørsmål på lik line med andre ynskjer og tiltak. Planavdelinga kjenner til at det er mange stølsområder og eksisterande hyttefelt som ynskjer vegtilkomst. Det vert handtert i tråd med våre overordna føringar, og det vert ikkje opna for dette utan reguleringsplan og i mange tilfeller vert det ikkje opna for slike tiltak på urørt natur. Det er klare nasjonale, regionale og lokale føringar på at ein skal vera varsam med å byggja ned meir LNF-føremål. I dette området er det allereie fleire støls- \hyttevegar inn i feltet. (sjå vossakart) Det bør undersøkjast nærare om ekisterande vegar kan nyttast. Det kjem ikkje fram noko i søknaden som viser alternative vurderingar. Det er skissert at ny veg må krysse vassdrag noko som er klart rådd ifrå i overordna planverk, både kommuneplanen og Vossaklima 2030. Planavdelinga ser mange utfordringar med etablering av ny veg i dette området og rår klart ifrå å opne for landbruksveg.

Vurdering:

Omsøkte tiltak er vurdert etter forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier gjeldande frå 01.07.2025.

I §1-3 gir nærare definisjonar på kva som er søknadspliktige tiltak og ikkje. Omsøkte veganlegg på 230 m i vegklasse 5 ligg klart innanfor kva som er søknadspliktige tiltak mht samla omfang av lengde, areal og eksisterande terrengnivå jf §2-1.

Kva regelverk søknad skal handsamast etter:

Dersom nytten av vegen til landbruksverksemda er 50 % eller meir, så gjeld forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar. Andre private vegar handsamast etter plan- og bygningsloven.

I søknaden er nytteverdi oppgjeve til 90 % landbruk (10 % skogbruk, 30 % Utmark og 50 % seterverksemd) og 10 % andre interesser (10 % privat hytte)

I heradet si vurdering er den landbruksmessige nytten innanfor vegens dekningsområde vurdert til 80 % landbruk (30% utmark og 50 % seterverksemd) og 20 % ikkje landbruk (1 privat hytte)

Den skogbruksmessig nytten innanfor vegens dekningsområde er tatt ut fordi det i dekningsområde til vegen kun er enkeltholt av yngre bjørk som verken er driftsteknisk eller produksjonsmessig avhengig av omsøkte bilvegutløysing for drift av areala.

Konklusjonen er at likevel at den landbruksmessige nytteverdien er så høg at omsøkte veganlegg skal handsamast etter landbruksvegforskrift.

Administrasjonen si vurdering:

Vedtak på omsøkte stølsveg skal vurderast iht §3-2 i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar:

§3-2 Vedtakets innhald:

Saker som behandles etter denne forskriften skal undergis landbruksfaglige og miljøfaglige vurderinger, jf. § 1-1, og hvor det blant annet skal legges vekt på:

- a. helhetsløsninger for landbruksvirksomhet og andre formål veien tjener, uavhengig av eiendomsgrenser,*
- b. konsekvenser som bygging, ombygging og bruk av veien vil ha for miljøverdier,*
- c. faren for flom, erosjon og løsmasseskred.*

Når saken er ferdig forberedt, skal kommunen enten fatte vedtak om å godkjenne veiutformingen, byggingen eller ombyggingen, sette vilkår for godkjenningen, jf. § 3-3, eller nekte hele eller deler av veianlegget bygget eller ombygget. Vedtaket må bygge på at de landbruksressurser veien har betydning for skal kunne brukes på en rasjonell og regningssvarende måte.

Det skal framgå av vedtaket at det er gjort vurderinger i samsvar med naturmangfoldloven § 7.

I vedtaket skal det fastsettes tidsfrist for oppstart og frist for når veiltaket skal meldes klart for ferdiggodkjenning. Hvis fristen for oppstart oversittes faller godkjenningen bort. Kommunen kan i særlige tilfeller forlenge tidsfristene.

Heilhetsløysing for landbruksverksemd og for andre føremål, uavhengig av eigedomsgrenser.

Omsøkte bilveg er ein stølsveg for å sikre ein rasjonell transport og sikker av/pålessing av beitedyr i Torfinno Beitelag samt adkomst til støl. Søknad om adkomstveg til stølen er på landbrukseigedom som ikkje har husdyrdrift pr i dag. Beiteretten som ligg til eigedomen vert disponert av anna eigar. Det er registrert slept 45 sau og 90 lam samt 17 mjølkeku og 24 øvrig storfe i 2025 frå 2 av dei 4 interessentane på omsøkt veg. Det er store føremoner å få trekt transport av dyr, slepping /sanking vekk frå offentleg veg, dagens løysing der denne aktiviteten føregår langs offentleg er verken sikker eller framtidsretta løysing.

I lang tid har det vore slik at verksemdar i landbruket vert underlagt eit krav om meir effektiv drift på nivå 3- 4 % kvart år. Vegbygging for å sikre ein rasjonell adkomst er ein måte å arbeide meir effektivt på. For dei som har husdyr er det viktig å nytte gode sumarbeiter i fjellet. Dette er beiter som kjem att kvart år og som det ikkje kostar noko å produsere. Lov om dyrevelferd set krav til husdyrbrukar jf § 24 Tilsyn og stell, om regelmessig tilsyn. Lett adkomst til stølsbeite reduserer tidsbruken knytt til tilsyn og ev. stell av sjuke dyr.

For eigerane er dette helt sentralt. Stølsvegen er ikkje eit mål i seg sjølv, men eit verktøy å kunne bruke beiteressursane eigedomen på ein en forsvarleg og lønsam måte, og for å sikre drift som er tryggare, meir effektiv og bedre tilpassa eit klima i endring.

Administrasjonen har hatt møte med søkjar for m.a. for å drøfte bruk av eksisterande vegnett som ei alternativ løysing. Det er avgrensa kvar ev. vegtrase kan gå pga utskilte hyttetomter og eksisterande bebyggelse. Vidare er det utfordringar knytt til stigningsforhold som truleg ikkje gjer ei slik løysing mogleg. Det er og føremoner ved å legge dyretransport, slepping av dyr/sank av dyr ut av eksisterande hytteområde. Omsøkte veg er vurdert som ei god heilheitsløyssing for å utvikle beiteressursane i området.

Vurdering av miljøverdiar og naturmangfaldsloven

Naturmangfaldlova §§ 8 og 9 omhandlar kunnskapsgrunnlaget og føre- var- prinsippet er vurdert gjennom utsjekk i temalag i Kilden som kulturminner, naturområder (Mdir), foreslåtte verneområder (Mdir) Skogsmark- NiN og MiS (Mir), verdifulle kulturlandskap (Mdir) utvalte kulturlandskap (Mdir), arter av særleg stor forvaltningsinteresse, arter av stor forvaltningsinteresse og fremmede arter frå temalag Nasjonale artar (Mdir), prioriterte rovdyrområder og villreinområder samt Artsdatabanken for rødlista artar og vernskog.

Observasjon av gauk og granmeis i skogen 250 m nord for endepunkt av omsøkt veg er einaste registrerte informasjon i aktuelle temalag. Desse registreringane ligg i god avstand av omsøkt vegtrase.

Utfrå utsjekk av opplista temalag blir det konkludert med å ha tilstrekkeleg kunnskap om naturmangfald i området og konsekvensane av den omsøkte vegbygginga jf § 8 i NML. Kravet til kunnskapsgrunnlaget er oppfylt etter utsjekk av eksisterande tilgjengeleg kunnskap som går fram over.

§ 9 og 11 er vurdert som ikkje relevant for omsøkte vegtrase.

Etter § 10 i NML skal påvirkningen av eit økosystem vurderast etter den samla belastningen på økosystemet.

Kombinasjonen av antal bygningar og etablerte vegar i området, samt teikn på gjenngroing av areal er landskapet tydeleg kulturpåverka av menneskeleg aktivitet frå før.

Omfanget av transport av m.m. beitedyr inn til og frå området vil ikkje bli påverka ved å etablere veg som omsøkt, forskjellen er å flytte transport vekk frå fylkesveg. I området vest for omsøkte vegtrase ligg det over 3 stølshus og i underkant av 20 fritidshus. På arealet rett vest for omsøkte vegtrase er det godkjent reguleringsplan frå 1996. 2 av stølshusa har vegadkomst i dag, mens omsøkte veg vil løyse ut adkomst til stølshus nr 3. Totalt ligg det ca 500 m med vegar i området vest for omsøkte veg. Området det vert søkt om veg i er slik sett ikkje eit urørt område i tydinga lite kulturpåverka landskap.

Den samla påvirkningen av økosystemet vil derfor ikkje endre samla belastning for landskap, økosystem, naturtyper og artar då omsøkte veg vil ikkje endre bruken av områder for beitedyr eller ferdsl i området (fritidsbebyggelse) Vurderinga er at omsøkte tiltak ikkje vil medføre ekstra belastning jf NML § 10.

Kulturminner:

Det er ikkje registrerte kulturminner i eller i nærleiken av planlagt vegtrase.

Fare for flo, erosjon og lausmasseskred

Av NVE sine temalag for flomsoner, nedbørsfelt og verne vassdrag, samt kvikkleire m.m

Omsøkte bilveg ligg innanfor aktsomhetskart for snøskred S2 med skogeffekt i likheit med arealet innanfor godkjent reguleringsplan vest for planlagt veg. Omsøkte veg ligg delvis innanfor aktsomheitsområde for flom, dvs sone rundt bekkar i området.

Omsøkte veg er og sjekka ut gjennom Fylkesatlas Vestland for relevante temalag. Resultatet er tilsvarande utsjekk av temalag i kilden. Ved å opne for bygging av 50 m veg er vurderinga at vegtrase ikkje vil medføre auka fare for flom, erosjon og lausmasseskred.

Andre kommunale føringar:

Formannskapet har i vedtak 81/99 vedteke fylgjande retningslinjer for bygging av stølsvegar i Voss:

1. Når omsynet til rasjonelt og lønsamt husdyrhald gjer det nødvendig skal det som hovudregel gjevast løyve til bygging av stølvegar.
2. Vegen skal leggjast slik at det i størst mogleg grad vert teke omsyn til dei miljøverdiar som er nemde i § 1-1 i Forskrift om planlegging og godkjenning av vegar til landbruksformål.
3. Vegane skal liggja slik at dei er til nytte for flest mogleg. Det kan settast som vilkår at fleire eigerar samarbeider om fellesløysingar.

Samla vurdering:

Etter ei samla vurdering av alle moment i saka godkjenner heradet godkjenner bygging av fyrste 50 m av vegen i vegklasse 5 inkl. snuplass. Nytteverdien her er vurdert som større enn ulempene med vegframføring. Området er frå før prega av inngrep med vegar, stølshus og fritidshus. Omsynet til god adkomst for å ivareta utnytting av beiteressursane er tillagt stor vekt. Godkjent avkøyrsløse frå offentleg veg føreligg frå vegeigar.

Resterande del av omsøkte veg fram til støl vert ikkje godkjent med bakgrunn i føringar i temaplan for naturmangfald i Voss herad og Kommuneplanen for Voss herad, pkt 5.2, etablering av vegar i LNF. Desse omsyna er vektlagt når ein etter ei samla vurdering ikkje godkjenner bygging av omsøkte landbruksveg fram til stølen.

Med venleg helsing

Vidar Jørdre

Leiar byggjesak og næring

Tlf:

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur

Kopi til

Statsforvaltaren i Vestland

Avd Bergen

5020

Bergen

